

Kommunal- og regionaldepartementet  
postboks 8112  
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

10/820-4/ 10/7027/026/LTA

Dato:

Manger: 06.10.2010

## MOGLEG MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN - HØYRING

Vi viser til Kommunal- og regionaldepartementet sitt høyringsbrev av 26.04.2010.

Radøy kommunestyre handsama saka i møte 30.09.2010, sak 44/10, og gjorde slikt samrøystes vedtak:


”

1. Radøy kommune sluttar seg ikkje til forslaget om å lovfeste samkommune som en ny modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune, er i realiteten ei erkjening av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.
2. Dersom samkommunemodellen skal regulerast i lov, vil Radøy kommune rå til følgjande i forhold til departementet sitt forslag:
  - Samkommune bør ikkje kunne etablerast med vanleg fleirtal. Eit samkommunesamarbeid kan vera langt meir omfattande enn eit interkommunalt samarbeid. Det bør difor stillast særlege krav til stemmefleirtalet for å sikre den legitimitet ein samkommune bør ha.
  - Det bør ikkje vera høve til å etablere samkommunar på tvers av nivå. Fylka og kommunane har ulike arbeidsoppgåver. Å blande desse saman i ein ny samkommune, blir svært uoversiktleg og forvirrande. Gjeldande lovverk er tilstrekkeleg for aktuelt samarbeid på tvers av forvaltningsnivåa.
  - Ein samkommune bør ikkje kunne eige aksjeselskap, interkommunale selskap m.v. Blir dette tillate vil det komplisere eigar- og driftsstrukturen og gjere det vanskeleg for innbyggjarane å vite kven som er kven og gjer kva.”

Utskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing

Christian Fotland (sign)  
Rådmann

  
Leif Taule  
ass. rådmann



# RADØY KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	26.08.2010	064/10	LTA
Kommunestyret	30.09.2010	044710	LTA

<b>Avgjerslemynde:</b> Kommunestyret	<b>Arkiv:</b> K1-026	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Sakshandsamar:</b> Leif Taule	<b>Objekt:</b>	10/820

### MOGLEG MODELL FOR INTERKOMMUNALT SAMARBEID: SAMKOMMUNEMODELLEN - HØYRING

#### Dokumentliste/vedlegg:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	26.04.2010	Kommunal - og regionaldepartementet	Høyringsnotat - mogeleg ny modell for interkommunalt samarbeid - samkommunemodellen
2	I	14.06.2010	Kommunal- og regionaldepartementet	Høyringsnotat - mogeleg ny modell for interkommunalt samarbeid - samkommunemodellen - utsett frist

#### Saksutgreiing:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt ut forslag om å lovfeste samkommunemodellen. Høyringsfristen er sett til 1.10.2010. Høyringsnotatet er på 123 sider og kap. 1 og 9 følgjer som vedlegg. Komplette oversikt over høyringsnotatet finn ein ved å gå inn på linken [http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Kommunejuss/Horingsnotat\\_endelig.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Kommunejuss/Horingsnotat_endelig.pdf)

Samkommune er en ny modell for interkommunalt samarbeid. Modellen har vore forsøkt i to tilfelle: Innherred samkommune (samarbeid mellom Levanger og Verdal i Nord-Trøndelag etablert i 2004) og Midtre Namdal samkommune (samarbeid mellom kommunane Namsos, Namdalseid, Fosnes, Overhalla og Flatanger i Nord-Trøndelag etablert i 2005). Forsøket i Innherred har vore organisert med utgangspunkt i kommunelova § 27 om interkommunalt samarbeid, medan forsøket i Namdalen er heimla i forsøkslova.

#### *Dagens modellar for interkommunalt samarbeid*

Interkommunalt samarbeid kan i dag etablerast på frivillig grunnlag etter nærmare avtale mellom to eller fleire kommunar. Samarbeidet kan etablerast med heimel i fleire lover. Føremålet med samarbeidet er avgjerande for kva samarbeidsmodell som bør veljast. Sjå elles vedlagt oversikt.

#### *Ny modell for interkommunalt samarbeid*

Samkommune er ei ny form for interkommunalt samarbeid som departementet nå meiner det er grunnlag for å lovfeste for å auke tal alternative samarbeidsmodellar kommunen kan velje mellom, jf. vedlegg 1. Departementet beskriv modellen slik:

- Er ein frivillig modell som byggjer på avtale mellom deltakarkommunane (i likhet med dei andre samarbeidsmodellane).

- Er eit nytt felles interkommunalt forvaltningsorgan som får sitt mynde overført frå deltakarkommunane (til forskjell frå dei øvrige samarbeidsmodellane sjølv om desse kan gjevast forvaltningsoppgåver).
- Er ein eigen juridisk person (i likhet med aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS)).
- Har eit felles overordna styringsorgan – samkommunestyret – valt av og blant kommune- styra i deltakarkommunane (ulikt dei andre modellane).
- Samkommunestyret kan opprette underliggjande organ (til forskjell frå dei andre modellane).
- Skal ha ein eigen administrasjonssjef og eigne tilsette (tilsvarende som for AS og IKS).
- Er indirekte finansiert av deltakarkommunane.
- Deltakarkommunane heftar proratarisk for sin del av samkommunen sine forpliktingar.

Departementet meiner at samkommunemodellen bør heimlast i kommunelova ved å ta inn eit nytt kapittel 13. Kapitlet får overskrifta *Samkommune*. Noverande kapittel 13: *Overgangsbestemmelser. Oppheving og endring i andre lover*, blir nytt kapittel 14. Lovforslaget med merknader er nærmare omtalt i vedlegg.

Departementet understrekar at det er nokre særlege punkt høyringsinstansane blir bedt om å gje sine synspunkt på:

- Om det bør opnast for samkommunar der både kommunar og fylkeskommunar er deltakarar.
- Om det bør stillast eit særleg krav til kommunen sine vedtak om å delta i ein samkommune.
- Om det bør opnast for at ein samkommune kan eige aksjeselskap, interkommunale selskap m.v.

### **Vurdering:**

#### ***Interkommunalt samarbeid***

Det er i hovudsak to hovudgrunnar til at kommunar etablerer interkommunalt samarbeid: a) Eit ønskje om å oppnå stordriftsfordelar, og/eller b) Ei erkjenning av at kommunen ikkje har tilstrekkelege ressursar (faglege, personellmessige, økonomiske) til åleine å utføre dei oppgåver og plikter som er tillagt kommunen.

Ulempa med interkommunalt samarbeid er at mynde vert flytta bort frå kommunen og over til organ som kommunen ikkje kan overprøve. Dette gjeld særleg aksjeselskap, interkommunale selskap og interkommunalt samarbeid med eige styre. Styringsmuligheita ligg i å binde kommunen sine valde representantar i generalforsamlinga (AS), representantskapet (IKS) og styret (kommunelova § 27). Er kommunen i mindretal i desse organa vil kommunen sitt syn og interesser kunne stå i fare.

Som oftast vil det interkommunale samarbeidet etter de nemnde modellane vere avgrensa til eitt eller nokre få saksområde som i liten grad vil ha i seg store politiske og prinsipielle problemstillingar. Samarbeidet vil vere regulert gjennom samarbeidsavtalane. Dermed vil det å gje frå seg mynde ikkje vere spesielt kritisk.

#### ***Samkommune som nytt forvaltningsorgan***

Ein samkommune vil bli eit heilt nytt forvaltningsorgan som skil seg sterkt frå dei andre samarbeidsmodellane. Samkommunen er særleg utforma med tanke på innbyggjarretta tenesteyting og utøving av mynde. Samarbeidskommunane overfører sine oppgåver og sitt mynde til samkommunen. Samkommunen får et eige kommunestyre, eigen administrasjon og

eigen økonomi. Den vil i stor grad opptre likt med øvrige kommunar. Samarbeidskommunane si styring med samkommunen skjer gjennom at minst tre representantar frå kommunestyra blir medlemmer i samkommunestyret. Samkommunestyret er st sjølvstendig organ og er ikkje underlagt nokon instruks ut over det som går fram av samarbeidsavtalen.

Ein samkommune vert etablert for å kunne gje innbyggjarane betre tenester og å utøve mynde på ein meir betryggjande måte enn det dei samarbeidande kommunane kan gje åleine. Innbyggjarane vil måtte forhalde seg til to kommunar: For nokre tenester må dei gå til samkommunen, for andre må dei gå til (primær)kommunen. Dette kan bli noko forvirrande.

Det kan sjå ut til at samkommunen er ein konstruksjon som blir etablert for å unngå at kommunar skal bli slått saman. Men dersom vi etablerer samkommunar og kanskje i tillegg etablerer AS og IKS, vil grunnlaget for primærkommunen forvitte. Det mest naturlige vil vel i slike tilfelle vere å slå saman kommunane og på den måten få klar og ryddig styringsstruktur der det direkte, folkevalde kommunestyret kan sitje med styringa.

Rådmannen kan ikkje rå til at samkommune bør fastsetjast i lov.

Dersom samkommunen likevel skal lovfestast, bør departementet sitt forslag akseptereast slik det føreligg, jf. vedlegget, med unnatak om at det bør stillast særskild krav til kommunen sitt vedtak om å delta i ein samkommune. Departementet seier i høyringsnotatet at deltaking i ein samkommune fort kan bli veldig omfattande. Dette vert veldig tydeleg når ein ser at typen av oppgåver ein samkommune er best eigna til å løysa, ofte vil verta blant dei tyngste lovpålagte oppgåvene. Samkommunen vil også få eigen administrasjon og egne tilsette. Rådmannen ser det difor slik at det er svært viktig at eventuell inntreden i ein samkommune må vera politisk breitt forankra, og at argumenta talar for at det må krevjast kvalifisert fleirtal for å tre inn i ein samkommune. Dette til tross for at eit strengare fleirtalskrav vil gjere det mogleg for å eit mindretal å blokkere inntreden i samkommunen. Kvalifisert fleirtal vil vera viktig for å få kontinuitet og ro kring eventuell inntreden i samkommune og sikra den legitimitet samkommunen bør ha.

Det bør ikkje opnast for samkommunar der både fylkeskommunar og kommunar deltar. Fylka og kommunane har ulike arbeidsoppgåver. Å blande desse saman i ein ny samkommune, blir svært uoversiktleg og forvirrande.

Ein samkommune bør ikkje kunne eige aksjeselskap, interkommunale selskap m.v. Blir dette tillate vil det komplisere eigar- og driftsstrukturen og gjere det vanskeleg for innbyggjarane å vite kven som er kven og gjer kva.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune sluttar seg ikkje til forslaget om å lovfeste samkommune som en ny modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune, er i realiteten ei erkjenning av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.
2. Dersom samkommunemodellen skal regulerast i lov, vil Radøy kommune rå til følgjande i forhold til departementet sitt forslag:
  - Samkommune bør ikkje kunne etablerast med vanleg fleirtal. Eit samkommunesamarbeid kan vera langt meir omfattande enn eit interkommunalt samarbeid. Det bør difor stillast særlege krav til stemmefleirtalet for å sikre den legitimitet ein samkommune bør ha.
  - Det bør ikkje vera høve til å etablere samkommunar på tvers av nivå. Fylka og kommunane har ulike arbeidsoppgåver. Å blande desse saman i ein ny samkommune, blir svært uoversiktleg og forvirrande. Gjeldande lovverk er tilstrekkeleg for aktuelt samarbeid på tvers av forvaltningsnivåa.
  - Ein samkommune bør ikkje kunne eige aksjeselskap, interkommunale selskap m.v. Blir dette tillate vil det komplisere eigar- og driftsstrukturen og gjere det vanskeleg for innbyggjarane å vite kven som er kven og gjer kva.

### **26.08.2010 FORMANNSKAPET**

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å vedta rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **FS-064/10 VEDTAK:**

1. Radøy kommune sluttar seg ikkje til forslaget om å lovfeste samkommune som en ny modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune, er i realiteten ei erkjenning av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.
2. Dersom samkommunemodellen skal regulerast i lov, vil Radøy kommune rå til følgjande i forhold til departementet sitt forslag:
  - Samkommune bør ikkje kunne etablerast med vanleg fleirtal. Eit samkommunesamarbeid kan vera langt meir omfattande enn eit interkommunalt samarbeid. Det bør difor stillast særlege krav til stemmefleirtalet for å sikre den legitimitet ein samkommune bør ha.
  - Det bør ikkje vera høve til å etablere samkommunar på tvers av nivå. Fylka og kommunane har ulike arbeidsoppgåver. Å blande desse saman i ein ny samkommune, blir svært uoversiktleg og forvirrande. Gjeldande lovverk er tilstrekkeleg for aktuelt samarbeid på tvers av forvaltningsnivåa.
  - Ein samkommune bør ikkje kunne eige aksjeselskap, interkommunale selskap m.v. Blir dette tillate vil det komplisere eigar- og driftsstrukturen og gjere det vanskeleg for innbyggjarane å vite kven som er kven og gjer kva.

### **30.09.2010 KOMMUNESTYRET**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

**KS-044/10 VEDTAK:**

1. Radøy kommune sluttar seg ikkje til forslaget om å lovfeste samkommune som en ny modell for interkommunalt samarbeid. Kommunane har tilstrekkeleg grunnlag i gjeldande lovverk til å inngå interkommunalt samarbeid. Det breie samarbeidet som ligg til grunn for å opprette ein samkommune, er i realiteten ei erkjenning av at dei samarbeidande kommunane i staden bør slåast saman.
2. Dersom samkommunemodellen skal regulerast i lov, vil Radøy kommune rå til følgjande i forhold til departementet sitt forslag:
  - Samkommune bør ikkje kunne etablerast med vanleg fleirtal. Eit samkommunesamarbeid kan vera langt meir omfattande enn eit interkommunalt samarbeid. Det bør difor stillast særlege krav til stemmefleirtalet for å sikre den legitimitet ein samkommune bør ha.
  - Det bør ikkje vera høve til å etablere samkommunar på tvers av nivå. Fylka og kommunane har ulike arbeidsoppgåver. Å blande desse saman i ein ny samkommune, blir svært uoversiktleg og forvirrande. Gjeldande lovverk er tilstrekkeleg for aktuelt samarbeid på tvers av forvaltningsnivåa.
  - Ein samkommune bør ikkje kunne eige aksjeselskap, interkommunale selskap m.v. Blir dette tillate vil det komplisere eigar- og driftsstrukturen og gjere det vanskeleg for innbyggjarane å vite kven som er kven og gjer kva.

*Pott utslutt*  
**RADØY KOMMUNE**  
Tlf.nr. 56 34 90 00  
*Heig Taulle*